



# Julekveld

I KYRKJELYDEN

Nr 4 | 2024 | 83. årg

# Jolehelsing

Me er glade for å kunne sende ut Jolekveld i kyrkjelyden til alle husstandar før første sundag i advent.

Bladet fortel litt om kyrkja si verksemd, og komande hendingar fram mot jul.

Me takkar for innsendte bidrag til utgjeving av kyrkjebladet, og takkar for all frivillig innsats som vert gjort rundt i kyrkjelydane for store og små.

Ha ei velsigna god julefeiring i alle bygder og grender.

Helsing frå nemnda for Kyrkjenytt og staben ved kyrjekontoret



**Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!**



**Skann meg!**

Bruk ein mobiltelefon og skann denne qr-koden anten med ein qr-app eller via kamera (Apple-produkter).



*Informasjon om gudstenester, trusopp-læringstiltak, påmelding til dåp og mykje anna finn du på **www.vosskyrkja.no***

## **Om Jolekveld i Kyrkjelyden:**

Jolekveld i Kyrkjelyden vert, i likheit med Kyrkjenytt, utgjeve av Voss Kyrkjelege Fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit for tida Bjørg Helland, Ellen Iren Johansen Århus, Heidi Hisdal, Jan Ivar Rødland og Margunn Mørkve. Svein Tøsse er redaktør.

Grafisk produksjon: Vaksdalposten / Trykkeri: Molvik Grafisk A.S. Opplag: 7300 eksemplar. Jolekveld i Kyrkjelyden vert gjeve ut som fulldistribusjon, som tyder at bladet vert lagt i postkassane til alle husstandar i Voss Herad.


**Neste nummer kjem i slutten av mars.  
Frist for innlevering av stoff er**

**1. mars 2025.**

**Stoffet kan sendast via e-post til:  
post.voss@kyrkja.no**

*Framsdebilete: Åshild Bøe Kharazmi*





# Vona er lyset

## Andakt av Arild Hellesøy

I fjor hadde eg ein skule på Voss på skulegudsteneste i Vangskyrkja. Eg viste dei dette biletet av Lukas Cranach (1483 – 1546). Først gjekk vi gjennom kven som er avbilda her. Vi såg Josef og Maria, gjetarane, ein okse og sjølvsagt Jesusbarnet.

Så spurte eg borna; er det mørkt eller er det lyst i rommet? Alle var samde om at rommet var mørkt.

Så held eg fram; Likevel er det lys. Kva trur de malaren ville seie med lyset han har malt i biletet?

Det var mange hender i været. Eg peikte på ei lita jente i 3. klassen. Ho sa: Gud har sendt son sin til oss menneske og det er Guds lys frå himmelen som skin gjennom Jesus-barnet.

Eg måtte gje henne rett; eg trur også at det

var dette målaren ville seie med biletet.

Vi lever i ei tid med bilete frå heile verda fulle av smerte og liding. All lidinga er som mørker som kjem til oss dagleg. Samstundes kan kvar og ein av oss gå gjennom tunge tider. Det er som ei bør vi har fått å bære – ei bør vi ikkje sjølve har valt.

Vi treng å minna kvarandre på kor vi finn lys. Eg trur det klåraste lyset finn vi i menneske som kjem inn i våre liv. Når vi veit at vi ikkje er åleine, då har vi lys og von om ei god framtid.

Det er dette jula også handlar om. Gud har sendt son sin til oss menneske for å gje oss von.

Jesus vil være eit lyset i våre liv.

Johannes evangelium 1, 5 Lyset skin i mørkeret, og mørkeret har ikkje overvunne det.

# Frå Armenia til Voss for å spela orgel

24. oktober kom Voss sin nye organist, Gohar Marandyan (36) og familien til Voss for første gong. Etter ei lang reise via Tyrkia for å få visum, fekk dei flytta rett inn i den nye heimen sin i Skulestadmo.

Tekst: JORUNN VÅLE TONCKEN

Kyrkjenytt tok ein prat med Gohar for å verta litt betre kjend med henne.

*Kan du fortelja litt om oppveksten din?*

Eg er fødd i byen Vanadzor i Armenia. Då eg var sju år, starta eg på pianoskule. Mor mi fekk ikkje sjølv høve til å bli pianist, og hadde derfor eit sterkt ynskje om at eg skulle få denne sjansen. I starten syns eg piano-spelinga var litt vanskeleg sidan eg måtte ta eksamen kvart semester på piano-skulen. Etter kvart gjekk det betre. Vidare studerte eg piano både på musikklinja på vidaregåande og på universitetet. Armenia har fin natur og gode menneske, men krig og uro pregar landet. På skulen lærde eg armensk og russisk. I tillegg snakkar eg svensk, og på sikt vil eg læra meg norsk.

## Åra i Sverige

I 2015 flytta familien til Sverige. Der budde dei fleire stader – den siste tida i den vesle tettstaden Lysvik i Värmland. I Armenia finns det berre to orgel, så dette var eit ukjent instrument for Gohar. Gjennom kyrkja i Sverige vart ho introdusert for kyrkjemusikk og orgel. Den dyktige organisten, pianisten og komponisten Ragnhild Petters-



Gohar, Sofia, Tigran og Vahan.

Foto: Hans Tonckens

son har spelt ei viktig rolle for Gohar. Ragnhild gav Gohar privatundervisning og oppmuntra henne til å satsa på orgel. Dette førte til at Gohar tok kantorutdanning for den svenske kyrkja. I Sverige har ho også dirigert eit kyrkjeor for vaksne.

## Tilbake til Armenia og sidan til Voss

I 2022 flytta familien tilbake til Armenia. Dei merka tydeleg korleis krigen hadde påverka heimlandet deira dei åra dei var borte. Det er lett å missa håpet i eit land med krig.

*Korleis hamna de på Voss?* Det var eigentleg ganske tilfeldig. Eg søkte på orga-

niststilling både i Narvik, Vestvågøy og på Voss. Då me studerte kartet, var me litt spente på korleis klimaet ville vera så langt nord og vest i landet. Heldigvis var det Svein (kyrkjeverje) som ringde først, og me er glade for at det var Voss me skulle flytta til. For å førebu oss har me brukt Google Maps og «gått» gjennom vegane på Voss. Slik kunne me kjenna oss att når me endeleg kom hit. Me har funne oss godt til rette så langt, og borna går no på Skulestad skule. I Skandinavia føler me oss meir frie og avslappa, og me håpar at me vil føla oss heime på Voss etter kvart og læra norsk.

*Kan du sei litt om familien din?*

Mannen min, Vahan er utdanna matematikklærer. I Sverige arbeidde han som snikkar. Me har borna Tigran på 12 år og Sofia på 9 år. Tigran spelar gitar og fotball, og Sofia spelar basketball og har dansa litt. Både Vahan og borna likar å stå på slalåmski, så det passar bra for oss å bu i Skulestadmo.

*Har du nokre hobbyar?*

Eg er glad i å baka og laga mat, og lagar både armensk og svensk mat.


*Kva musikk likar du?*

Eg er veldig glad i klassisk musikk, og Bach er min favoritt-komponist. Framover ynskjer eg å introdusera vossingane for litt armensk musikk og på den måten presentera litt av min nasjonalitet.

*Kva betyr det for deg å arbeida i kyrkja?*

Eg likar å treffa folk og spela for publikum. Å feira gudsteneste set eg stor pris på. I kyrkja kjem det folk i mange ulike situasjonar. Nokon er i sorg. Eg trur musikk kan verka lækjande, og håpar folk som kjem i kyrkja kan erfara at musikken kan gjera dei godt.

*Det nærmar seg jul.*



Utanfor ei fjellkyrkje i Armenia (over) og Gohar ved orgelet i Sverige (t.h.). Foto: Privat

### *Korleis vert julehøgtida feira i Armenia?*

I Armenia feirar me jul 6. januar. Då går me i kyrkja og så samlast familien for å eta ein spesiell festmat med ris,

rosiner, fisk og vin. Den armenske nissen dukkar derimot opp natt til 1. januar, så utpakking av gåvene skjer på nyttårsdag.

Kyrkjenytt ynskjer Gohar og familien hjarteleg velkomne til Voss og håpar dei vil finna seg godt til rette i bygda vår!



# Voss Y's men klubb treng fleire medlemmer!



Tekst: Arne Mosefinn, sekretær

Voss Y's men klubb vart stifta i 1985 som ein del av arbeidet i Voss KFUK/KFUM i Vonheim. Sidan starten har det stadig kome til nye medlemmer, men også mange har falle frå. Vi er no ein aldrande gjeng på 19 menn som treng fornying og tilsig av nye medlemmer.

## Er du ein av dei?

Y-en har samanheng med Y-en i YMCA som er den engelske versjonen av KFUM. Y's men er ein verdsomspennande organisasjon som vart stifta i USA i 1922 med føremål å vera ein støtte for YMCA. Her i landet støttar vi lokalt barne- og ungdomsarbeid som ofte er retta mot leiartraining. Internasjonalt støttar vi fleire prosjekt retta mot kampen mot barnefattigdom, samt helsehjelp.

Voss Y's men er i utgangspunktet ein klubb for menn, men på fleire av møta våre inviterer vi gjerne gjester av begge kjønn. Vi har møte onsdag ein gong i månaden, kl. 1900-2100. Her har vi oftast eit føredrag/innlegg av opplysningskarakter, ei matøkt og ein quiz. Men vi kan og vera på vitjing rundt i bygda, eller på ein dagstur i nærområdet, gjerne ein søndag.

Om våren har vi basar (Vonheimsbasaren) der alle medlemmene legg ned ein stor innsats for å få den gjennomført. Det gjeld å skaffa vinstar, loddsal, gjennomføra ein basarkveld med mat, underhaldning og åresal.

Vi har eit godt fellesskap prega av omsut for kvarandre. Den kulturelle og sosiale profilen er viktig for oss. Sjølv om det er kjekt at medlemmene møtest, er det ikkje møteplikt.

*Programmet vårt for våren er ikkje heil fastsett enno, men fylgjande ser ut til å vera klart:*

8. januar: *Naturfotograf*  
Arne Mala

5. februar: *Pilegrimsprest*  
Einar Vegge om  
kystpilegrimsleia

5. mars: *Vonheimsbasaren*

9. april: *Program ikkje fastsett*

7. mai: *Årsmøte med noko attåt*

15. juni: *Tur, truleg til Modalen*

## Kunne dette vera noko for deg?

Ta i såfall kontakt med leiaren vår Kolbjørn Blikås, tlf. 941 47 045, e-post kolbjornblikas@gmail.com eller kom innom eit av møta våre.



Våren 2025

## Seniortreff

Velkomen til seniortreff i Vonheim tysdagar kl. 12.00-14.30.

Her vert det ulike kulturelle innslag og tema, andakt og allsong, eit godt måltid og ein kopp kaffi med noko godt å bita i. **Pris kr 150,-**

Har du bruk for skyss, har me kjekke skysskarar. Ring tlf 47 84 91 34, gjerne dagen før.

## Vårprogram 2024

14. januar: Visesong. Jarle Veland.

11. februar: «Gamle bilete frå Voss». Kjell Herheim.

11. mars

1. april

6. mai

17. juni

## Salmekveld på Vossestrand

Onsdag 23. oktober var det på ny salmekveld på Vossestrand. Denne gongen i Vinje kyrkje.

Bengt S. Arvidsson leia kvelden, og han gav oss ei fylldig innleiing om salmediktaren Trygve Bjerkrheim og om salmane me song saman. 40 besøkjande fann vegen til kyrkja denne kvelden. Både Bengt og Ellen Marie Selland Geithung hadde soloinnslag med song innimellom felles salmesong. Ei kjekk og fin stund i kyrkja. Neste salmekveld vert onsdag 29. januar i Oppheim kyrkje.



## Me syng jola inn på Vossestrand

Sundag 8. desember vert det høve til å koma i jolastemning i Vinje kyrkje kl. 16.00

Den tradisjonelle jolakonserten «Me syng jola inn» vert som tidlegare år ein konsert med lokale musikarar, felles salmesong, opplesne tekstar og andakt. De vil få høyra dei 3 kora våre, Strandabelgjen, hardingfeler og toradarar, akkordeongruppa, piano- og saksofonelevar og solosong. Ein variert konsert, og ei stemningsfull stund i kyrkja der me kan senka skuldrene og berre nyta i ei elles travel førjolsstid. Varmt velkomne.

# Sorggruppe våren 2025



Eit tilbod til deg som har mista nokon du er glad i.

Denne sorggruppa er eit løpande tilbod, og er ca. ein gong i månaden. Mange finn trøyst og støtte i å vera med i ei sorggruppe kor ein møter andre som har opplevd å mista ein av sine kjære. Vi vil ta opp tema relatert til sorg kvar kong. Vi har ikkje påmelding, dette er eit ope tilbod og gratis. Enkel servering.

Vi møtes **kl. 18.00 – 20.00** fylgjande måndagar våren 2025:

|                    |                 |
|--------------------|-----------------|
| <b>20. januar</b>  | <b>7. april</b> |
| <b>24. februar</b> | <b>19. mai</b>  |
| <b>17. mars</b>    | <b>16. juni</b> |

Stad: Prestegarden, gult bygg vis a vis Vangskyrkja.

## Du er hjarteleg velkomen!

Sorggruppa vert leia av diakonane Sigrid og Anja.

Sigrid D. Mala | mobil nr: 47849134 | e-post: sm435@kyrkja.no

Anja K. Slåtten | mobil nr: 41704958 | e-post: as257@kyrkja.no

## Bolstadøyri søndagsskule

Me hadde søndagsskule 27. oktober. Mange store og små deltok. Det var forteljing om Den miskunnsame samaritanen og maling på glas. Pizza til mat. Koseleg. Det vert også søndagsskule 24. november med juleforteljing og peparkake-baking.



VELKOMEN TIL

# Fredagsklubb

i Kyrkjestova på Oppheim

4. – 6. klasse: 18 – 20  
7. – 10. klasse: 20 – 22

Her er samlingsstund med kvelds, song og andakt og ulike aktivitetar/spel som billard, playstation, filmkveld, bingo, mat, strikkehjørne og trygge vaksne du kan prata med om det er noko.

**Fredagsklubben er gratis!**

Kontakt: Anja Slåtten 41704958/ Gro Samland 47907900

Juleavslutning 13. desember med juleevangeliet, mandel i grauten og kjekke konkurransar!

## TAKK

Takk til **ALLE** våre trufaste frivillige gjennom året i kyrkja: til seniortreffet, skysskarar, kyrkjekaffi og bakst, misjonsarbeidet, grøn kyrkjelyd, i klokkarlaget, med musikk i gudstenester, trusopplæringa, supertysdagar, fredagsklubben og babysong. Utan frivillige blir det lite kyrkje. Men saman får me til mykje!

**TAKK** til kvar og ein for godt samarbeid!  
Nye frivillige er hjarteleg velkomne!

Diakonane Sigrid D. Mala og Anja K. Slåtten.



Det er ledig stilling som

## KYRKJETENAR

i Evanger kyrkje frå 1. januar 2025.

Lysing vil koma om kort tid.



Blå Kors har flere tilbud for barnefamilier som strever. Med din støtte kan vi hjelpe flere!

**Gi din støtte til familier som har det vanskelig**

Gi din gave på **vipps 936679**



**Blå Kors**



# Jomfru Maria

## - frå fattigjente til himmeldronning

Det finst mange myter og legender om Maria, Jesu mor, men truleg er ikkje mykje historisk rett. I det nye testamentet står det lite, så ein kan nesten bli forferda over korleis ho kunne veksa til å bli ei himmeldronning.

Tekst: ARNE MOSSEFINN

Ho heitte ikkje egentleg Maria, men Marjam eller Mirjam på hebraisk. Maria var jøde og kom frå byen Nasaret i Galilea. Ho vaks opp i små kår, og stamma frå ein underordna prestefamilie – levittane. Ho er også i slekt med Elisabet – mor til døyparen Johannes – som var gift med presten Sakarja. Difor måtte Elisabet sjølv koma frå ei presteslekt (Luk. 1, 5).

### Barndom og oppvekst

Om barndommen og oppveksten til Maria veit vi ikkje noko sikkert. Det apokryfe Jakobs-evangeliet fortel slik om Maria sin barndom: Foreldra er Anna og Joachim. Dei gav henne til tempelet i Jerusalem for at ho skulle bli oppfostra der. Ho budde saman med prestane og fekk mat av ein engel. Dette heldt fram til ho var tolv år. Då kunne ho giftast bort.

Maria vart først trulova med – og seinare gift med Josef. Det kan tyda på at Josef var ein eldre mann, og at han var død då Jesus stod fram med si forkynning. Likevel har Jesus hatt fleire søsken: «Er ikkje dette tømmermannen, son til Maria og bror til Jakob og Joses og Judas og Simon? Og bur ikkje systrene hans her hjå oss?» (Mark. 6, 3).

### Jomfrufødselen

At Maria fødte Jesus som jomfru, har vore omstridt, men både Matteus og Lukas omtalar jomfrufødselen (Matt. 1, 18-25, og Luk. 1, 26-38). Og vi hevdar i truvekjenninga vår at Jesus var «avla ved Den heilage Ande» og «fødd av Maria møy». Den apostoliske truvekjenninga er kjent frå 200-talet, men har si noverande form frå 700-talet.

Gud opptreer her slik at han trer inn istadenfor faren. Det er ikkje tenkt som noko mystisk med svangerskapet, men at Gud skapte ved sin Ande Jesus direkte i Maria sitt morsliv. Dette har skjedd berre ein gong i historien og berre med dette eine mennesket.

### Maria og Jesu liv

Då Jesus steig fram med si gjerning, veit vi av evangelia at Maria var til stades fleire gonger. Første gongen er ved bryllupet i Kana, der Maria seier til Jesus: «Dei har ikkje meir vin» - og Jesus «svarar» med vinunderet (Joh. 2, 1-12). Johannesevangeliet vitnar og om at Maria var til stades då Jesus vart krossfest: «Innmed Jesu kross stod mor hans og syster til mor hans, Maria, som var gift med Klopas, og Maria Magdalena.» Det er også her at Jesus seier til mor si at Johannes skal vera son hennar. Apostelgjerningane fortel også at Maria seinare var med i urkyrkjelyden i Jerusalem, den aller første kristne kyrkjelyden.

### Gudfødernesken og Himmeldronning

Kva har så skjedd vidare? Den romerske kyrkja heldt lenge fast ved at Maria var eit vanleg menneske som ikkje skulle dyrkast. I det fjerde århundre fanst det framleis ingen mariakyrkjer, ikkje mariabilete og ingen påkalling av henne i gudstenesta. Maria var ein av helgenane og ikkje i særstilling mellom dei. – Men så ser vi at det skjer noko. Det oppstår bøner til Maria. Og teologane gjev Maria ein ny tittel: teotokos, som på norsk kan omsetjast til «Gudfødernesken». Fleire åttara



mot å dyrka Maria. Var «Gudfødernesken» vranglære eller var ho eit uttrykk for det eineståande ved Jesus, at han var Gud? Eit kyrkjemøte vart halde i Efesos i 431, og dette måtte godta den ærestittelen folket kravde. Maria får etter kvart ein sjølvstendig plass i folk si tru. Ho får ein ny rang, langt over apostlane. Ho er i ferd med å bli Himmeldronning. Tidleg kjem trua på at Maria kan gjera under. På underleg vis grip ho inn i livet til menneske med mirakel. Det vert vanleg å lovprisa Maria og be til ho. Den mest kjede bøna er Ave Maria:

*Ave Maria, full av nåde,  
Herren er med deg,  
velsigna er du blant kvinner,  
og velsigna er ditt livs  
frukt, Jesus.*

*Heilage Maria, Guds mor,  
be for oss syndarar,*

*No og i vår dødstime. Amen*

### Teken opp til himmelen

Historisk veit vi ikkje korleis Maria endte livet sitt. Men etter kvart kunne ein ikkje nøya seg med at ho «berre» var død. Tanken om at ho var tatt opp i himmelen, dukka tidleg opp i legenden.

Det finst ikkje bilete av Maria som gammal! Men det skulle ta lang tid før denne legenda vart til eit dogme, nemleg først i 1950 under pave Pius 12: Den ubesmitte Guds mor og evige jomfru Maria vart etter at ho hadde fullført sitt jordiske livsløp, teken opp til den himmelske herlegdom.

### Maria i kunsten

Maria og hennar liv har vore eit populært motiv i litteratur, målarkunst, musikk og kristent kvardagsliv i snart to tusen år, og sterke og mangfaldige Maria-tradisjonar er å finna i alle deler av verda. Svært mange kyrkjer verda rundt er vigsla til hennar ære. Også dyr og plantar har fått navn etter henne, til dømes marihøne, marianøkleblom, fjellmarikåpe og marisko.

### Maria i dagens kyrkjeliv

Maria har ein meir sentral posisjon i den katolske og dei ortodokse kyrkjene enn i dei protestantiske. Dette gjeld både i den teologiske læra (dogmene) og i praktisering av trua. Dei katolske og ortodokse kyrkjene har til dømes ei rekkje dagar for feiring av Maria. Dei viktigaste festane i nyare tid

er Marias opptakelse i himmelen og Marias ubesmitte unnfangelse som vert feira 8. desember. Det er også vanleg å be til Maria om at ho skal gå i forbøn overfor Gud på vegne av kristne, andre menneske og verda ellers.

Også dei protestantiske kyrkjene heidrar Maria som Jesu mor, til dømes markerer Den norske kyrkja Maria bodskapsdag som liturgisk festdag. Denne feiringa har blitt meir populær dei siste tiåra. I andre protestantiske kyrkjesamfunn er ein meir forsiktig og kritisk til å gje Maria, og også andre helgenar, plass i det religiøse livet. Dette vert grunngjeve med at ein oppfattar det som noko som kan koma i konkurranse med trua på Jesus.

*Stykket byggjer på boka «Jomfru Maria – fra jødepiken til himmeldronning» av Jakob Jervell og Gunnar Danbolt, Gyldendal 1996, og på artikkel i Store norske leksikon «Maria – Jesu mor».*



# Trusopplæring i kyrkjene våre



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss.

Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døypte i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år. På desse sidene vil de finna reportasjer frå det som har skjedd i trusopplæringa, oppgåver og konkurransar.

 Trusopplæringa i Voss

## Heilt førsteklasses skattejakt

I dåpen lovar foreldre og faddrar å lære borna opp i den kristne trua. T6 er ein fin arena for føresette å snakke om tru med borna. Me har lagt til sides rein undervising på den tradisjonelle måten, og laga ei skattejakt dei føresette skal gjennomføre i lag med borna. Her blir dei oppfordra om å snakke om det å vere førsteklasses heile livet ved å fortelje om Sakkeus, om vennskap, om kyrkja, om dåpen, om døden og anna. Me oppmodar om å fortsette praten heime.

### Oppheim og Vinje sokn



### Granvin sokn

### Voss og Raundalen sokn



### Evanger og Bolstad sokn



## T<sub>2</sub> Krølletreff, alle sokn



Du er elska. Akkurat slik du er. Gud gjev ikkje slepp på deg. Dersom ein gjetar misser eit lam, leitar han lenge og vel etter lammet. Slik leitar Gud etter oss. Dette handlar førestillinga klovane Tipp og Topp har for toåringane, om. Borna får så sjølve gå på sauesanking, inne og i ein lettvariant. Dei måler handavtrykket sitt ved sida av ei kveldsbøn, og alle får med seg kvar sin Krølle, som sauen heiter, heim.

## T<sub>1</sub> Babysong, Voss, Granvin, Raundalen og Evanger og Bolstad sokn



På babysongkurset i haust var me som vanleg i kyrkja. Det var ein fin gjeng med små og store songarar og nye og gamle songar vart sunge og dansa, til akkompagnement av barnelatter, gurgling, latter og gråt. Har du lyst å vera med neste gong?

Neste babysong kurs kjem i slutten av Januar 2025.

T- dagane våre er ope for absolutt alle , ikkje berre medlemmer i kyrkja! Så meld deg på neste gong du ser ein plakat eller du på annen måte ser det kjem ein T -dag og vær hjertelig velkomne!♥



T<sub>3</sub>T<sub>4</sub>

## Undretur og utdeling av barnebibel

T3 handlar om å undre seg over kyrkjebygget og alt som er inne i kyrkja. Me leikar dåp, får prøve orgelet, me syng og me ber. Treåringane får med seg ei klistremerkebok med bibelhistorier i. T3 er bortimot lik i alle kyrkjene, men med lokale variantar.

T4 er gudsteneste med utdeling av biblar til fireåringane. Tema denne gongen var bibelforteljinga om Noah, og på Vinje hadde me besøk av eit fyrverkeri av ein forteljar som hadde forteljing og skodespel for ungane. I Raundalen gjekk ungane i prosesjon inn til gudstenesta, fekk forteljinga om Noah opplesen og vist med visuelle hjelpemiddel, samt bøn, song og musikk frå Supersong. Borna i Vangskyrkja fekk eit forrykande dokketeater der gribben Gruble og borna fekk høyre om skapinga og korleis me skal ta vare på jorda vår.

## Oppheim og Vinje sokn



## Voss sokn



## Raundalen sokn



T<sub>1</sub> T<sub>2</sub> T<sub>3</sub> T<sub>4</sub> T<sub>5</sub> T<sub>6</sub> T<sub>7</sub> T<sub>8</sub> T<sub>9</sub> T<sub>10</sub> T<sub>11</sub> T<sub>12</sub> T<sub>13</sub> T<sub>14</sub> T<sub>15</sub> T<sub>16</sub> T<sub>17</sub> T<sub>18</sub>



LYS  
VAKEN

## Voss og Raundalen sokn



Fredag 1. november var 23 11-åringar samla i Vangskyrkja. Dei var lys vakne heile kvelden. Saman med leiarane vart dei kjende med Vangskyrkja, fekk høyre forteljinga om Samuel som sov i tempelet, dei song Lys Vaken-songen, åt pizza, laga papirfly og mykje meir. Tusen takk for at de var med og gjorde denne kvelden til noko me kan hugse lenge.

T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18

# Daganga baadagayesh ka'-ziifan mpok'w Yaasus.

«Me er glade for at de har nådd høgtida av Jesu fødsel».

Tekst: BRITT HERNES

Slik omtrent er den direkte omsetjinga av jolehelsinga på gumuz (Gumuz er eit av den mange språka som vert tala i Etiopia). Kanskje litt omstendeleg for oss som har eit kort og greitt ord som «jol» for høgtida av Jesu fødsel. Likevel er det ei svært god beskriving av kva det verkeleg dreier seg om; gleda for at me igjen kan feira at Jesus var fødd og Gud vart menneske.

Denne jolehelsinga på gumuz kjem frå Klaus-Christian Küspers sine tre kollegaer i Blånildalen. Saman har dei jobba mange år med å omsetja Bibelen til gumuz.

Det er snart jol, og rundt omkring i verda feirar me høgtida på ulike måtar og til ulike tider. I Etiopia er 1.

joledag 7. januar, då dei er 13 dagar etter oss med sin kalender, den julianske.

Som hjå oss er jola ei tid for å vera saman med familie og vener, og kosa seg med god mat. Dei et noko som heiter injera. Saman med injera et dei lam, kylling og krydra sausar. Injera er ei stor pannekake med litt syrleg smak. Den vert laga av kornet «teff», som er Etiopia sitt eige superkorn.

Injera et dei til frukost, lunsj og middag, slik også i jula. Alle et med hendene og av same matfat. Dei puttar også mat i munnen på kvarandre, som eit teikn på kjærleik og venskap.

Etiopiarane har stolte kaffi-tradisjonar. Det er kvinnene og jentene i hushaldet som står for kaffiseremonien.



Den går føre seg ved bålet eller den varmekjelda dei har i huset. Medan vatnet kokar, brenn bønnene i steikepanna. Deretter vert dei malt for hand med ein mortar. Kaffien vert tømt i ei kanne og står så og trekjer. Den vert servert i små koppar. Det er tradisjon å laga kaffi morgon, midt på dagen og til kvelds. Gjerne med ein god neve popkorn og frøblandinga «kolo» til. Familie, naboar, vener og ukjende vert inviterte og diskusjonen kan gå høgt.

Be for fred og forsoning i landet slik at etiopiarane får feira ei fredeleg jol.

Voss kyrkjelyd støttar NMS/ Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia.

Vil du vera med å støtta misjonsprosjektet?  
Vipps-nr: 505877  
(Misjonsprosjekt)  
Kontonr.: 3480 30 84647.  
Merk betalinga med  
«Misjonsprosjektet»

## BIBEL & MISJON

Me held fram med det nye opplegget vårt, der me har bibelundervisning med ein av prestane våre. Me har godt samvær og god tid til samtale og spørsmål. Det vert også servert litt å bita i. Samlingane vert avslutta med siste nytt frå misjonsmarka i Etiopia og kollekt til misjonsprosjektet.

### Me samlast i Kyrkjetunet onsdagar kl. 19 - 21

Komande datoar:

04.12.24: Bergpreika ved Arnulf Sandvik

22.01.25: Hans-Christian Küspert


26.02.25: «Velkommen hjem»

23.03.25: Misjonssøndag med gudsteneste og misjonsfest i Vonheim

09.04.25: «Velkommen hjem»

04.05.25

11.06.25



# Konfirmantar 2024



## VANGSKYRKJA

### 4. mai 2024

Anders Kløve Turvoll  
Andrea Fære Hole  
Ane Fester Førde  
Ane Rognebakke  
Anna Kosovic Høvset  
Anne Tranøy  
Ask Skjeldal-Martenson  
Eirik Brækhus  
Eirik Kwame Gjøstein  
Eirun Herre  
Emilie Eilerås  
Gabriel Valentin Fimreite  
Guro Aldal Opheim  
Haldor Eikefjord Skutle  
Halle Gjerstad  
Helena Seim Herfindal  
Håkon Lillegraven Eggen  
Ingeborg Jordalen  
Ingeborg Aadnekvam Mykkeltveit  
Ingrid Seim  
Isa Brandseth Norbakk  
Jerico Edianon Agsao  
Joar Norekvål Rasmussen  
Malin Steinstrøm Hilland  
Mari Fjose Stokken  
Maria Thorsen Lødemel  
Marius Helleve Flage  
Marius Solberg Midtun  
Mathias Nilsen  
Nikolaj Wickramanayake  
Nils Tranøy  
Oda Ekran Bryn  
Ola Ygre  
Petter Flage Norheim  
Sebastian Nordahl Slettemark  
Sigrid Døssland  
Stina Byrkje  
Sverre Baartvedt  
Tiril Kolaskår Eriksen  
Tora-Emilie Grevle Moe  
Tuva Fjose Crook  
Vilde Rørlien Seim

### 5. mai 2024

Ada Hansen Medhus  
Adrian Rode Norevik  
Andrea Vedå Sønnesyn  
Are Bjørnsen  
Eirik Bryn Haugstvedt  
Elisabeth Hope Døssland  
Emil Velken Soldal  
Emma Louise Fenne

Guri Kvamme Ringheim  
Hedda Skjerveggen Græe  
Håvard Aldal  
Ida Elisabeth Mæland  
Johan Sathara Lien  
Johannes Ferdinand Rekve Ødegård  
Leah Fritzer-Nikolaisen  
Leo Marcus Angelskår Kraakenes-Høyland  
Liva Børnheim Erntsen  
Magnus Eikefjord Kvåle  
Marius Berggreen Eriksen  
Marte Aalvik-Aaserød  
Martin Vestli  
Mathea Vethe  
Mathilde Pettersen Sandvik  
Nora Myhre Carlisle  
Oliv Mølster  
Oliver Bjørke Merkesdal  
Patrick Phontema Norekvål  
Peter Tharaldsen Byrkje  
Rannveig Elisa Een  
Simon Haugsbø  
Sondre Hellesnes  
Tilde Kristiansen Mestad  
Torbjørn Bendiksen Haugland  
Vilde Stenrud Brandseth

### 12. mai 2023

Adam Bjørke  
Aksel Emblem  
Aksel Lillegraven Haugo  
Albert Johan Fleischer  
Anna Lunde Seim  
Eirik Berge Hefte  
Elise Tveite Østervold  
Emil Flatlandsmo Hanto  
Emilie Sundland Grønhoft  
Emma Berland-Horn  
Even Joanesarson Evensen  
Hanna Emilie Tolaas  
Helena Dale Skjerveggen  
Helene Gullbrå Lid  
Hiba Jake Awed  
Inger Skjerven  
Ingvil Fostervoll Kvamme  
Johanne Hommedal Helgaset  
Kristiane Kvamme  
Loke Sleen-gullbrå  
Lucas Heimdal Øvsthus  
Malén Hagenes Lavik  
Malin Haug Nikolaisen  
Maria Linnea Lid Tangerås

Markus Kvarme Græe  
Marte Opdal Kvarmestøl  
Mathias Vedaa Såkvitne  
Michael Erik Een Klaunes  
Mikkel Sætre Svartveit  
Nils August Skeie Akselberg  
Odin An Nedkvitne Gjøstein  
Sander Pedersen  
Sirita Laupsa  
Stine Seltveit Krogstad  
Thor Espen Hårklau  
Tobias Tinkler  
Torkel Skeie Fosse  
William Hjelmevold

## RAUNDALSKYRKJA

### 11. mai 2024

Lukas Bøe Smistad

## GRANVIN KYRKJE

### 5. mai 2024

Marie Hamre  
Martin Kristoffer Fredriksen Solvi

## EVANGER KYRKJE

### 9. mai 2024

Anders Gullbrå Brekkhus  
Johanne Vevle Hjørnevik  
Nathalie Holm Gustavsen

## VINJE KYRKJE

### 25. mai 2024

Adrian Kartveit  
Amalie Kleppe  
Anna Selland Geithung  
Bjørnar Rødne Vaksdal  
Eirik Sundve  
Even Nummedal  
Ingrid Knapstad Tveite  
Ingild Gustavsen Giljarhus  
Joachim Hartveit Høen  
Marit Knapstad Tveite  
Sondre Mørkve  
Vebjørn Gjerald Tolås  
Velaug Ure  
Viktoria Reed



**VANGSKYRKJA**  
**4. mai kl. 10.00**

*Foto: KYRKJA I VOSS*



**VANGSKYRKJA**  
**4. mai kl. 12.00**

*Foto: KYRKJA I VOSS*



**VANGSKYRKJA**  
**5. mai kl. 10.00**

*Foto: KYRKJA I VOSS*



**VANGSKYRKJA**  
**5. mai kl. 12.00**

*Foto: KYRKJA I VOSS*



VANGSKYRKJA  
**12. mai kl. 10.00**

*Foto: KYRKJA I VOSS*



VANGSKYRKJA  
**12. mai kl. 12.00**

*Foto: KYRKJA I VOSS*



**RAUNDALSKYRKJA 11. mai**

*Foto: PRIVAT*



**EVANGER KYRKJE 9. mai**

*Foto: KYRKJA I VOSS*



**GRANVIN KYRKJE 5. mai**

*Foto: KYRKJA I VOSS*



**VINJE KYRKJE 25. mai**

*Foto: GRY SENDERUD*

**Alt innan  
sport og fritid**



**S. Endeve Sport**

Butikkar i Vangsgata 47, Vangsgata 40 og Uttrågata 21  
Tlf. 56 51 11 19  
endeve@endeve.no - www.endeve.no



**Telefon: 56 52 09 00**

**Epost: post@jordalen.no**

**Me ynskjer  
alle ei god jol  
og eit godt  
nyttår!**

**VOSS  
SPAREBANK**

[www.vossabanken.no](http://www.vossabanken.no)

**Din lokale el-installatør**

**elfag**

**Mølster Installasjon AS**

[www.molster.no](http://www.molster.no) Tlf: 56 52 96 00

**VIER HER.  
ALLTID.**

**KIRKENS  
SOS**

**22 40 00 40**

**VB Vekselbanken**

**- ein god medspelar -**

Telefon 56 52 35 00  
[www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)

*Me ynskjer alle ei god og fredeleg jolehelg!*



Med ynskje  
om ei fredeleg  
jol, fylt med  
glede og  
kjærlaik.

  
**sylvsmidja**

sylvsmidja.no



### Voss kyrkjelege fellesråd:

#### Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf 959 79 905. E-post: st545@kyrkja.no

#### Assisterande kyrkjeverje

Kjersti Vestrheim Helland

Tlf 90079805- E-post: kv934@kyrkja.no

#### Kateket Rønnaug Eng Skjeldal

Tlf 952 62 025. E-post: rs625@kyrkja.no

#### Kyrkjelydspedagog Camilla M. Velsvik

Tlf 995 18 194. E-post: cs222@kyrkja.no

#### Trusopplæringsmedarbeidarar

Åshild Bø Kharazmi

Tlf 952 98 681. E-post: ak649@kyrkja.no

Øyvind Lennart Pedersen

E-post: op753@kyrkja.no

#### Diakon Sigrid Djukastein Mala

Tlf 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no

#### Diakonimedarbeidar Anja Slåtten

Tlf 417 04 958. E-post: as257@kyrkja.no

#### Ungdomsprest Vetle Leksbø

Tlf 947 93 477. E-post: vl555@kyrkja.no

#### Organist Frode Vik

Tlf 952 62 084.

#### Organist Ellen Marie Selland Geithung

Tlf 980 64 594.

#### Organist Edyta Bryk

Tlf 954 30 695.

#### Organist Gohar Marandyan

Tlf 482 26 390.

#### Kyrkjetenar på Bolstad Anny Forthun

Tlf 481 36 520.

#### Kyrkjetenar på Evanger June Mykkeltvedt

Tlf 934 46 884.

#### Kyrkjetenar på Voss Thomas Velsvik

Tlf 414 75 383.

#### Kyrkjetenar i Granvin Ingvild Baartvedt

Tlf 468 98 970.

#### Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje

Trond Olav Neteland

Tlf 957 02 327.

#### Kyrkjetenar i Raundalen Nils Lid

Tlf 901 36 496.

#### Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege Ukvitne

Tlf 918 74 201.

#### Redaktør i Kyrkjenytt Svein Tøsse

Tlf 959 79 905. E-post: st545@kyrkja.no

#### Kontormedarbeidarar Idunn Holen, Jorunn Våle Tonckens og Lene Brunborg.

## VOSS SOKN SI GJEVARTENESTE

*Ynskjer du å bidra litt ekstra  
til kyrkja sitt lokale arbeid  
på Voss?*

Brenn du for musikk, diakoni eller  
ungdomsarbeid?

Du kan støtte arbeidet vårt ved å gje  
eit beløp til kyrkja si gjevarteneste.

Ingen beløp er for store, ingen beløp  
for små. Me har endra konto for  
gåver. Alle gåver må setjast inn på  
kontonummer 3480 30 84647

Du kan og sende pengar på VIPPS til  
127376 (Vangskyrkja).

**Hugs å merkje innbetalinga med  
kva du ynskjer  
at pengane skal gå til.**

*Helsing Voss sokneråd*

### Kyrjekontoret på Voss:

Opningstider: Måndag-fredag 9-15  
(onsdag 10-15)

Besøksadresse: Uttrågata 5

Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd,  
PB 49, 5701 Voss

Telefon: 56 52 38 80

E-post: post.voss@kyrkja.no

Kontonr: 3480.16.45293

www.voss.kyrkja.no

### Prestetenesta:

#### Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy

Tlf 906 99 533. E-post: ah539@kyrkja.no

#### Sokneprest i Voss Hans-Christian Küspert

Tlf 954 50 572. E-post: hk782@kyrkja.no

#### Fungerande sokneprest i Vinje, Oppheim

og Raundalen Arnulf Sandvik

Tlf 416 75 653. E-post: as794@kyrkja.no

#### Sokneprest i Evanger og Bolstad

Frode Kvamsøe,

Tlf 901 96 514. E-post: fk796@kyrkja.no

#### Sokneprest i Granvin og Ulvik

Anne Marthe Ulvik, tlf 92435096

E-post: au237@kyrkja.no

### Soknerådsleiarar:

#### Evanger: Anny Forthun

Tlf 481 36 520.

#### Voss: Bjørg Helland

Tlf 938 56 326.

#### Oppheim: Christine Kalsås

Tlf 911 33 556.

#### Vinje: Rigmor Ulvund

Tlf 990 33 293.

#### Raundalen: Nanna Nordahl

Tlf 917 58 826.

#### Granvin: Sigvor Melve Schrey

Tlf 911 32 608.



### Gravplassadministrasjonen i Voss herad

har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjetunet),  
tlf 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar er Svein Tøsse.

# Kyrkjelege handlingar

## DØYPTE

### Voss sokn:

25.08.24 Steffen Vedå Klyve  
Ine Mandelid Skjelde  
Tonni Andrè Lerhaugen  
08.09.24 Magnus Agledal Øyre  
15.09.24 Anja Bidne Sleen  
Kasper Hus Klovning  
29.09.24 Klara Stikholmen Haverkamp  
Sjur Nordgård Lid

06.10.24 Trym Børve  
Nils Almeland  
Henrik Jordalen  
Skage Knapstad Kaald  
Alva Hestholmen Almenningen  
Johanne Helleland Lunde  
Lilly Bolstad Styrvold  
Olav Vestrheim

20.10.24 Amanda Bruu Fjose  
Theodor Jørgensen Vatlø  
Eline Koland Eide  
Emil Johannessen Skjeldal  
Sondre Dymbe Hillesland  
Olav Aadhavan Almenningen  
Lars Adithya Almenningen

### Vinje sokn:

22.09.24 Mariell Gullbrå Gjerald

### Granvin sokn:

18.08.24 Mina Holven Matre

### Oppheim sokn:

13.10.24 Magnus Clausen Hauge

## VIGDE

### Voss sokn:

24.08. Benedikte Fahre og Henrik Nødtvedt Welle-Watne  
Kristin Himle og Steinar Odde  
31.08. Ranveig Reime Johnsson og Tommy Tesdal  
07.09. Borgny Skeie og Trond Lekve  
28.09. Frida Finne og Gregor Veia  
05.10. Hanna Victoria Miller og Ørjan Hagatun

## DØDE

### Voss sokn:

09.08.24 Lilly Hauge Skeie f. 1936  
11.08.24 Oddvar Bjørke f. 1954  
19.08.24 Reidun Kjellaug Mossefin f. 1933  
20.08.24 Arne Lid f. 1956  
24.08.24 Jon Kildahl f. 1932  
02.09.24 Solveig Pernhild Melve f. 1935  
07.09.24 Simon David Cozzolino f. 1982  
07.09.24 Margit Herheim f. 1925  
09.09.24 Geir Ove Himle f. 1975  
13.09.24 Geir Rune Laupsa f. 1965  
17.09.24 Anbjørg Eitrheim f. 1940  
18.09.24 Johannes Naasen f. 1929  
24.09.24 Jon Røthe f. 1961  
27.09.24 Gudrun Eide f. 1938  
30.09.24 Jostein Lid f. 1953  
30.09.24 Olav Lunde f. 1930  
30.09.24 Kari Rongve f. 1929  
01.10.24 Lars Rasdal f. 1927  
01.10.24 Kirsti Solveig Almeland f. 1938  
03.10.24 Sigmund Lidal f. 1961  
04.10.24 Laila Margaret Støle f. 1935  
04.10.24 Johannes Honve f. 1946  
04.10.24 Olga Arvovna Brattebø f. 1980

09.10.24 Kirsten Finne f. 1929  
09.10.24 Kåre Birger Rørlien f. 1935  
17.10.24 Dagny Moe f. 1925  
19.10.24 Kjellfred Olde f. 1966

### Evanger og Bolstad sokn:

02.10.24 Alv Brekkhus f. 1944  
13.10.24 Sverre Norvald Elvheim f. 1945

### Granvin sokn:

16.08.24 Lisbet Nesheim f. 1929  
11.09.24 Peter Maddison Naa f. 1984  
15.09.24 Lars Steinar Seim f. 1942  
12.10.24 Guri Dalatun f. 1938  
20.10.24 Johannes Jørdre f. 1939

### Oppheim sokn:

23.09.24 Ingvald Tveite f. 1934  
01.10.24 Ingebjørg Fyrde f. 1933

### Vinje sokn:

26.09.24 Olaus Maria Afdal Kvalen f. 1961  
12.10.24 Magnhild Arnetveit f. 1923

# Gudstenesteliste

## Bolstadøyri bedehus:

- 01.12. kl. 11.00 Familiegudsteneste med nattverd og T3/4/5-dag v/Kvamsøe. Utdeling av barnebibel til 4-åringane. Kyrkjekaffi.  
24.12. kl. 14.00 Jolaftangudsteneste v/Kvamsøe.  
05.01. kl. 16.00 Joletrefest-gudsteneste med nattverd v/Kvamsøe.  
16.02. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Kvamsøe.  
30.03. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Kvamsøe.

## Evanger kyrkje:

- 29.11. kl. 21.00 Ljosmesse med konfirmantane og deltakarane på Lys Vaken v/Kvamsøe.  
24.12. kl. 16.00 Jolaftangudsteneste v/Gullbrå.  
26.01. kl. 17.00 Gudsteneste med nattverd v/Hope.  
09.03. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp og nattverd v/Kvamsøe.

## Oppheim kyrkje:

- 01.12. kl. 19.30 Ljosmesse v/Sandvik.  
15.12. kl. 11.00 Gudsteneste i **Jordalen kapell** v/Sandvik.  
24.12. kl. 12.00 Jolaftangudsteneste i **Omsorgstunet** v/Sandvik.  
24.12. kl. 13.30 Jolaftangudsteneste v/Sandvik.  
05.01. kl. 11.00 Gudsteneste v/Sandvik.  
12.01. kl. 11.00 Gudsteneste i **Omsorgstunet** v/Sandvik.  
09.02. kl. 11.00 Gudsteneste i **Jordalen kapell** med nattverd v/Sandvik.  
09.03. kl. 11.00 Gudsteneste v/Sandvik. Årsmøte.

## Jordalen kapell:

- 10.12. kl. 11.00 Adventsgudsteneste v/Sandvik

## Vinje kyrkje:

- 08.12. kl. 16.00 Me syng jola inn v/Sandvik.  
24.12. kl. 15.00 Jolaftangudsteneste v/Sandvik.  
19.01. kl. 11.00 Gudsteneste v/Sandvik.  
16.02. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp og nattverd v/Sandvik.  
26.02. kl. 19.30 Folkemusikkmesse v/Sandvik.  
16.03. kl. 11.00 Gudsteneste v/Sandvik. Årsmøte.

## Raundalskyrkja:

- 25.12. kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste v/Sandvik.  
05.01. kl. 16.00 Joletrefest-gudsteneste v/Sandvik.  
23.02. kl. 10.00 Gudsteneste i **Mjølfjell kapell**.  
09.03. kl. 17.00 Gudsteneste v/Sandvik. Årsmøte.

## Vangskyrkja:

- 01.12. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Skeie.  
05.12. kl. 19.00 Ljosmesse v/ Küspert og Leksbø.  
08.12. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Küspert. Søndagsskule og kyrkjekaffi.  
15.12. kl. 17.00 Me syng jola inn.  
22.12. kl. 11.00 Skriftemålgudsteneste v/Küspert.  
24.12. kl. 14.00 Jolaftangudsteneste v/Leksbø.  
24.12. kl. 15.00 Jolaftangudsteneste v/Leksbø.  
24.12. kl. 16.00 Jolaftangudsteneste v/Leksbø.  
25.12. kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste med dåp og nattverd v/Hellesøy.  
29.12. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Küspert.  
31.12. kl. 23.00 Midnattsmesse v/Küspert.  
05.01. kl. 11.00 Joletrefest-gudsteneste - familiegudsteneste.  
12.01. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp.  
19.01. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd i **Vonheim**. Søndagsskule.  
26.01. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp.  
02.02. kl. 11.00 Familiegudsteneste med nattverd i Vonheim.  
06.02. kl. 19.00 Gudsteneste på samefolkets dag.  
09.02. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp.  
16.02. kl. 11.00 Folkemusikkmesse med nattverd.  
23.02. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp.  
02.03. kl. 11.00 Familiegudsteneste og T4 i **Vonheim**.  
05.03. kl. 19.00 Skriftemålgudsteneste.  
09.03. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp.  
16.03. kl. 19.00 Kveldsgudsteneste med nattverd.  
23.03. kl. 11.00 Misjonsgudsteneste i **Vonheim**. Søndagsskule. Misjonsfest.  
30.03. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp.

## Granvin kyrkje:

- 08.12. kl. 18.00 Ljosmesse med konfirmantane v/Ulvik.  
24.12. kl. 15.30 Jolaftangudsteneste v/Skutlaberg.  
25.12. kl. 14.00 Høgtidsgudsteneste i **Mælandshagen** med nattverd v/Ulvik.  
19.01. kl. 14.00 Gudsteneste i **Mælandshagen** med nattverd v/Ulvik.  
02.02. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Ulvik.  
16.02. kl. 14.00 Gudsteneste i **Mælandshagen** med nattverd v/Ulvik.  
09.03. kl. 11.00 Gudsteneste v/Ulvik

*Dåp kan bestillast via kyrkja si heimeside: [www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no).*

*Ver merksam på at det kan koma endringar på gudstenestelista! Følg med i avisa Hordaland eller på [www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no).*



# Vil du feira jol med oss?

## Velkomen til jolefeiring

Me feirar jol i lag hjå Frelsesarmeen der me skal hygga oss med god jolemat, song og underhaldning saman med kjekke folk.

Me startar kl. 17 og avsluttar ved 20 tida.

Middagen koster kr. 100

Oppmøte: Frelsesarmeen Voss, Lekvemoen 11

Ynskjer du å melde deg på som deltakar eller frivillig sender du ein e-post til [post@voss.frivilligsentral.no](mailto:post@voss.frivilligsentral.no), eller ring til 971 77 985 (Voss Frivilligsentral) innan 19.12.

Gje beskjed om du treng transport.

## Velkomen!

Jolefeiringa er eit samarbeid mellom Frelsesarmeen Voss, Røde Kors Voss, Kirkens Bymisjon Voss, Kyrkja på Voss og Voss Frivilligsentral